



Trudi R. Scott
Erleveien 62
5097 BERGEN

Referanser:
Dykkar:
Vår: 15/140 - 15/1023

Saksbehandlar:
Tore Johan Erstad
tore.johan.erstad@meland.kommune.no

Dato:
20.01.2015

Førespurnad om hytte på gbnr 43/81 i Meland kommune

Meland kommune har 19.1.2015 motteke førespurnad frå Rylandshøgda velforening om manglande sikring av fritidsbygg på gbnr 43/81 i Meland kommune. Førespurnaden ligg vedlagt.

Dette brev vert sendt dykk som matrikkelregistrerte grunneigarar av gbnr 43/81. Kommunen har ikkje teke stilling til innhaldet i førespurnaden, eller om tilhøva inneber brot på plan- og bygningslova.

I utgangspunktet er gjeld førespurnaden frå velforeninga forhold som må løysast mellom naboar, jf grannelova § 2:

«Ingen må ha, gjera eller setja i verk noko som urimeleg eller uturvande er til skade eller ulempe på granneeigedom. Inn under ulempe går òg at noko må reknast for farleg».

Plan- og bygningslova har likevel følgjande lovføresegn om eksisterande byggverk, jf pbl § 31-3:

«Eier eller den ansvarlige plikter å holde byggverk og installasjoner som omfattes av denne lov i en slik stand at det ikke oppstår fare for skade på, eller vesentlig ulempe for person, eiendom eller miljø, og slik at de ikke virker skjemmende i seg selv eller i forhold til omgivelsene.

Blir plikten ikke overholdt, kan kommunen gi pålegg om sikring og istandsetting».

På bakgrunn av førespurnaden frå velforeninga og pbl § 31-3, ber Meland kommune om opplysningar frå dykk om tilhøva. Vi ber om at det vert opplyst om hytta på eigedomen er avlåst og vindauge og dørar forsvarleg sikra, samt dykkar merknader elles til opplysningane om at byggverket kan vere til fare for born som leikar i området.

Frist for skriftleg tilbakemelding vert sett til 3.2.2015.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: 15/140.

Kommunen gjer merksam på at dersom vi ikkje høyrer frå dykk, eller opplysningane i saka elles talar for det, kan vere aktuelt å iverksette handsaming av saka etter plan- og bygningslova kap 32. Slik handsaming kan innebere at den ansvarlege på betale sakshandsamingsgebyr i samsvar med kommunen sitt gebyrregulativ.

Med helsing

Anny Bastesen
sektorsjef teknisk

Tore Johan Erstad
konsulent byggjesak

Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

SV Rylandshøgda velforening - Spm ang hytte

Kopi til:

Rylandshøgda velforening v/Hilde
Rafdal

Mottakere:

Trudi R. Scott
Margreta Gjøstein

Erleveien 62
Sikthaugen
Terrasse 121

5097
5145

BERGEN
FYLLINGSDALEN